

Søgarden Jørstad (gnr. 164)

(For tidligere historie se Nordgarden Jørstad – gnr. 163)

Etter matrikkelen av 1668 var det i den tid i Fåberg også ein gard Jørstad av skyld 1 ½ hud 2 bpd. 6 mrk fisk. Eigar av garden var ”Kongen alene”, men det er opplyst at dette Jørstad var tildelt kaptein Reichwein til bruk. Når garden var krongods, kom det truleg av at han før reformasjonen hadde vore kyrkjegods og på den måten var overtatt av staten.

Av detaljar om garden fortel elles matrikkelen at enga, innmarka var god, og at det var skog nok til gards nytte. Jørstad nedre søre, som dette var, hadde alt da fiskerett og fiskeri i Laugen, og hadde sikkert hatt det lenge. Buskapen av store husdyr på garden var da 5 hestar og 20 naut, og det var seter og sommarbeite til krøtera på Støla seter. Det er vidare fortalt at korntienda vart utreidd med 4 tdr., som altså svara til ei årleg avling på 40 tdr. Av Matrikkelen går det elles fram at det under Jørstad og var ein ødegård Holen av skyld 1 hud, som Oluf Teigum i Gausdal åtte, men som kaptein Reichwein og brukte.

I 1706 hadde Lars og Mads Jørstad og Halvor Mælum bygd seg nye setrar i Gausdal, men fekk sak med gausdølene og tapte. Domen i saka lyder i utskrift slik:

”Kjennes for rett: Halvor Mellom og Laurids og Mads Giørstad skal vike fra deres nyopbygde sæterbol, som er til skade og fortrengsel, og søke deres gamle sæter som fra gammel tid hører under deres gårde.”

Fem år seinare er det fortalt at Lauridtz Giørstad let tinglesa eit skjøte på 4 huder i Giørstad, som han hadde kjøpt av oberstløytnant Reichwein. Ein merker seg den framande måten både namnet til brukare og til garden her er skrivi på. Om det skjøtet av 1711 var det elles seinare fleire rettssaker. Av ei rettssak frå 1716 går det fram at den Reichwein det er her tale om, var oberstløytnant Nicolay Christian Reichwein.

I 1723 kom det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Om Jørstad av skyld 1 hud 6 skinn 2 bpd. 6 mrk. fisk er det der fortalt at Lars Pedersen framleis var både eigar og brukar av garden. Om gardsbruket er det fortalt at Nordgarden ligg i sollia, at jordarten er god og fruktbar, men at garden er noko tungbrukt. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang, seter med god hamn og dessutan fjellslåttar. Høyavlinga var i vanlege gode år kring 40 lass, og buskapen var 4 hestar 28 storfe og 20 småfe. Kornslaga som vart dyrka, var bygg og rug og avlinga var ca. 50 tdr. av 1. slaget og 5 tdr. av 2. slaget. Garden hadde da kvern truleg saman med Nordgarden, og om fiskeriet i Laugen elv er det fortalt at det var heller lite innbringande.

Året etter var det ei sak mellom grannane Arne Dahlen kontra Lars Jørstad om eit fiskedrette i ”Loven elv”. Lars Jørstad som da var ein gamal, blind mann møtte og hadde sonen sin, Ole Larsen med seg. Der vart det avsagt slik dom:

”Citanten Arne Dahlen har bevist at den haffelde som ligger på søndre kant av Sløvigberget har ligget der fra gammel tid og er holdt rett skille mellem Nedre Jørstad og Nedre Dalen. Jørstad har for 2-3 år siden begyndt å anlegge et lagasildvarp, hvis varpegård vel ligger på Jørstads grunn, men når noten kastes må det fiskes langt nordenfor haffelden. Ti kjennes for rett at Jørstad herefter bør holde sig fra med not å komme forbi haffelden tillands, dog rundtom Hovdrette og Hovstok ved Sløvigberget blir Jørstad forbeholdt som fra gammel tid. – Til nogenledes erstatning og i prosessens omkostninger, betaler den indstevnte 10 rd. til citanten.”

I 1730 var det Ole Larsen Jørstad som hadde fått omsorg for at seterlykkja vart gjødsla. Han hadde da stemna inn husmannen Halvor Runtom ”fordi han bortkjører møgen som falder av hans kreaturer på sæteren og legger den på Bent Stutzhoveds sæterløkke”.

To år seinare gav Lars Pedersen Jørstad, Johannes Larsen og Ole Bjerke på vegne av kona si Kirsti Larsdr., Lars Olsen Opjordet på vegne av si hustru Sidsel Larsdr., Arne Engebretsen

Brunlaug for kona si Mari Larsdtr. og Anne Larsdtr., med formyndar, Simen Larsen med kurator, Torgeir Arnesen Dal på vegne av si hustru Kari Larsdtr., Kristian Jørgensen Barlund på vegne av kona si Beret Larsdtr. skjøte til Ole Larsen Jørstad på til saman 2 huder 1 ½ skinn i garden Søndre Jørstad i Fåbergs Prestegjeld. Sonen Peder Larsen Huse var da død, men det er opplyst at han hadde to søner: Lars, son var 12 år og Eilev son var 8 år.

Ei faktisk prøving av skjøtet av 1711 var ei sak av 14. mai 1748: Ole Larsen Jørstad hadde da på eigne og på vegne av Peder Øvre Jørstad stemna inn Peder Rønne og Jon Borud m.fl. fordi dei ”avvigte høst og sist i febr. har bemektiget sig citantenens eiendeler og fiskegarn”. Saka vart fyrst utsatt, men vart så i august same år pådømt og domen lyder etter utskrift slik: ”Avsagt: Likesålidt som de Herrer Reichwein har hatt annen rett til det påstevnte fiskeri enn den som fulgte med de gårde som citanterne nu eier, likesåliten rett hadde den som først solgte gårdene med deres fulde skyld til citanternes fedre, til for annen gang å selge det under gårdene hørende fiskeri til contracitanterne. Det kjennes derfor for rett, at det av contracitanterne fremlagte ulovlige skjøte ikke kan hindre citanterne i å gjøre sig det påstevnte fiskeri så nyttig som sande eiere best vet og kan. Contracitanterne Peder Rønne, Jon Borud, Thore Ovren, Siver Schellerud, Erich Onsum, Christopher Boleng, Ole Bjerke og Erich Opjordet bør herefter holde sig fra dette fiskeri og fraflytte den av den oprettede nedre Strandgaard og sette stranden i saadan beskaffenhet som den var i fjor høst. Contracitanterne betaler i alt 20 rd. til Citanterne i omkostninger og til Justitskassen 3 ½ ort.”

Året etter, altså i 1749, gav Ole Larsen Steen bygselseddel til son sin Lars Olsen på søre Jørstad av skyld 3 huder. Etter atter 5 år gav derimot Ole Larsen Steen, som framleis budde på Steen på Ringerike skjøte til brorson sin, Lars Pedersen Huuse på garden ”Søndre eller Nedre Jørstad” av skyld 1 hud 6 skinn 2 bismarpund 6 merker fisk, fra hvilket kjøp exciperes følgende 2 gårdens pertnencer, neml. husmannsplassen Brustuen og enget Mønningen, som forblir under selgerens eiendom i de første 10 år. – For denne gård har kjøperen betalt 2500 rd.”

Kjøparen Lars Pedersen Søndre Jørstad lånte da samtidig 1800 rd. av sorenskrivar Jens Ziegler mot 1. pr. pant i Søgarden. Sorenskrivar I. Ziegler budde i denne tid på Lysegård i Fåberg.

Lars Pedersen hadde elles ikkje Søgarden meir enn i to år. Da overdrog han garden til Simen Larsen, som tri år seinare selde søre Jørstad til landkremmar Holm Gulliksen pø Jørstad nordre. Unntatt i handelen var da 1/12 part av garden, nemlig 3 skinn i tilsm.: pl. Volden med alt som til låg, enget Mønningen, fire mål eng i seterlykkja på Støla og 16 mål til utrast av Jørstadmoen.

Landkremmar Holm Jørstad, som var ein godforseg kar fikk i 1760 også ordna det slik at han fekk kongl. skjøte på panteinnløysingsretten til grd. søre Jørstad. Skjøtet er gitt på Fredriksborg Slott av Fredrik den 5. og datert 29. september 1759. Kjøpesummen for retten var 101 rd. I samband med kjøpet av Søgarden lånte Holm Gulliksen 1040 rd. av iver Wingnes mot pant i garden. Så å seia samtidig gav så den nye eigaren bygselseddel til eldste son sin Ole Holmsen på garden Søndre Jørstad av skyld 1 hud 3 skinn 2 bism.pd. 6 merker fisk.

Simen Larsen, som hadde busett seg på gardsbruket Wolden, lånte i 1761 144 rd. av enka Anne Larsdtr. Opjordet mot årleg rente 4% og 1. pr. pant i Wolden av skyld 3 skinn. – Frå året etter er eit makeskifte slik at Holm Jørstad avstår sine seterbusstader på Støla sæter til Peder Hansen Bleiken mot hans seterbusstader på Skjelbreien seter + 1 lass høy årleg, som Holm Jørstad skulle ha i mellomlag.

Om fiskevarpet Madsvarpet handlar ei sak frå 1763. Holm Jørstad privilegert landkremmar for Fåberg, Gausdal og Øyer bygsla da til etternemnde: Engebret Balberg, Ole Pedersen Lien, Arne Roland, Kristen Bentsen Lien og Tosten Bentsen Studshoved eit fiskevarp Madsvarpet,

som det vart kalla. Bygselemlene hadde å betale til oppsittarane på søre Jørstad den vanlege grunnleiga som blir kalla landslott og er den femte del av det som blir fiska.

Tri år seinare var det eit makeskifte mellom Holm Jørstad og Amund Eriksen Onsum der Amund avstod av Onsum ei eng som var kalla Lillevollen med det tidlegare fiskeri og dessutan eit stykke av Moen. Imot dette avstod så Holm Jørstad til Amund Onsum enga Mønningen, som ligg nedanfor Onsums åkerjorde.

31. mars 1767 hadde fogden stemna inn på politimåte husmannen Simen Larsen Wolden under grd. søre Jørstad ”til varers forbrydelse og fordi han hadde helde drikk og dans m.m.” Domen i saka fall 8. oktober s.å. og lyder slik:

Avsagt: Simen Larsen Wolden som er funnet å ha brent brendevin, bør have varer og redskap forbrudt til deling mellom de fattige og angiveren, og bøte 10 rd. til de fattige. Endvidere bør han for denne første gang bøte 20 rd., hvorav halvdelen tilfalder hans Mayts Fiscum (kasse) og halvdelen angiveren, samt betale prosessens sak med 5 rd.

I 1769 døde landkremmar Holm Gulliksen Jørstad, og det var i 1770 stort skifte etter han, truleg i Søgarden. Ved dette skiftet vart garden verdsett til 2800 rd., og arvebuet utgjorde brutto 4130 rd og netto 1258 rd. Arvingane i buet var forutan enka etter Holm Jørstads 2. ekteskap Ingeborg Olsdtr. og dei 5 borna deres, dessutan og dei 3 borna i Holms 1. ekteskap (med Sønnøv Kristensdtr.) Dei 8 borna var alle i live, og fleire av dei var gifte: Ragnil av 1. ekteskap var gift med Peder Olsen Lien og Sedsel av . ekteskap var gift med Ole Engebretsen Ellingsberg. Sønnøv av 2. ekteskap var gift med Ole Olsen Snakhol, og Sigrid av 2. ekteskap var gift med Ole Holmsen Arlien. Ole Holmsen d.y. som da overtok Søgarden var da 22 ½ år, søstera Ingeborg var 17 år og søstera Anne 15 år.

Ole Holmsen d.y. som da overtok Søgarden gav så å seia samtidig obligasjon til lensmann Chr. Fliflet, Ole Mælum, Lars Korsrud og Christen Onsum på til saman 2880 rd. mot 4% årleg rente og 1. pr. pant i garden ”og alt sit eiende løsøre av hvad navn nevnes kan.” Skylda på garden var da 2 huder og 9 skinn.

Frå 1774 er ei kontrakt om plassen Runtom. Ole Holmsen Jørstad gav da bygselseddel til svogaren sin Syver Nilsen, som var gift med Ingeborg Holmsdtr. Vilkåra var at dei to skulle ha plassen Runtom så lenge dei levde mot ei årleg avgift på 3 rd. Når Syver Nilsen var død, skulle brukaren i Søgarden betale arvingane etter Ingeborg og Syver for det som i mellomtida var påkosta plassen Runtom.

Året etter gav i 1775 Ole Jørstad skjøte til Peder Olsen Melby på Søgarden, da av skylda 2 hud 3 skinn 2 bpd. 6 mrk. Fisk for kjøpesum 3350 rd. På plassen Jørstadvollen hadde i mellomtida Simen Larsen gitt skjøte til son sin, Peder Simensen på ”3 skind av gården Søndre Jørstad som består av pladsen Volden”, for sum 200 rd.

Peder Olsen, som hadde kjøpt Søgarden i 1775, hadde garden berre i 3 år. Da gav han i 1778 skjøte til ungkar Ole Arnesen Lundgaard på ”gården Søndre Jørstad skyldende 1 hud 3 skind 2 bismerp. og 6 merker fisk for sum 3325.”

Av interesse er her ei kontrakt av 25. mars 1782. Enkefru, madame Maria Dajon Calmeyer, enke etter forvaltar Calmeyer, hadde da fått kongeleg bevilling til å ”fortsette den kremmerhandel som Holm Jørstads enke Ingeborg Olsdtr. før hadde ført”. Samtidig gjekk Ole Arnesen Jørstad med på å flytte dei to stugubygningane på plassen Brostuen, ei gamal og ein nyinnreidd, til ei ny tomt straks vestafor ”LilleBroen” og setja dei oppatt der under eitt tak.

Årleg leige av plassen skulle frå da av vera 20 rd. – Seks år seinare var det landkremmar Johan Reichenwald som handla på Kremmerbakken eller Marienborg. Kona hans var truleg madame Maria som nyleg her er nemnt. Johan Reichenwald skal elles, etter opplysningar frå Simen A. Jørstad, vera stamfar til den kjente Birch-Reichenwald-ætta.

Etter dette var Ole Arnesen brukar av garden til 1784. Da selde han Søgarden til bror sin Kristoffer Arnesen Lundgaard for 1999 rd. + føderåd, og med han kom stamfaren til den nåverande ætta til gards. I samband med handelen lånte elles kjøparen 896 rd. av syster si,

Anne Arnesdr. Lundgaard, mot 4% årleg rente og 1. pr. pant i grd. søre Jørstad av skyld 1 hud 3 skinn 2 bpd. og 6 mrk. fisk.

Om ei overdraging av Jørstadvollen handlar ei sak frå 1786: Peder Simensen Jørstadvolden gav da skjøte til bror sin, Hans Simensen, og urmakar Kristen Knudsen på 1/12 av søre Jørstad, Jørstadvolden, for sum 600 rd. – Frå same året, altså 1786, er og ei kvittering frå Peder Olsen Hansstuen for arv etter skiftet på Støchet av 10. juni 1771. – Frå 1788 er ei sak av eit eige slag. Christofer Arnesen på søre Jørstad gav da bygselseddel til skoleholder Hans Christensen på eit udyrka og ubebyggt jordstykke under grd. søre Jørstad mot årleg å betale 4 rd. Av dette skulle 1 dr. og 2 ort svarast i slåttearbeid. – Frå 1791 er derimot atter ei sak om Jørstadvollen. Simen Pedersen lånte da av husbonden på garden, Christofer Arnesen og Simen Borud 720 rd. mot pant i Jørstadvollen og kausjon av faren Peder Simensen.

Etter dette var det ved folketellinga i 1801 fjorten familiar som budde på og ved Søgarden Jørstad. Det var:

1. familie: 1. Christopher Arnesen, husbonden, 41 år, 2. Martha Ø. Christensen, kona hans, 44 år, 3. Arne Christophersen, son deres, 19 år, 4. Anne Christophersdr. 15 år, 5. Christian Christophersen, 12 år, 6. Simen Christophersen, 9 år, 7. Berthe Christophersdr. 2 år, 8. Ole Johannessen, enkemann, tenestkar, 62 år, 9. Kristen Thoresen, tenestkar, 23 år, 10. Hans Olsen, tenestkar, 17 år, 11. Ingeborg Nilsdr., tenestjente, 17 år, 12. Kari Nilsdr., tenestjente 16 år, 13. Anne Siversdr., tenestjente, 16 år, 14. Sønnøv Pedersdr., 17 år.
2. familie: 1. Siver Nilsen, husmann med jord, 51 år, 2. Ingeborg Holmsdr., kona hans, 48 år, 3. Sidsell Siversdr., dotter deres, 5 år.
3. familie: 1. Ole Henningsen, innerst utan jord, går i dagleige, 31 år, 2. Ingeborg Siversen, kona hans, 30 år, 3. Berte Olsdr., dotter deres, 8 år, 4. Ingeborg Olsdr., 6 år, 5. Kirsti Olsdr., 3 år, Holm Olsen, 1 år.
4. familie: 1. Nils Olsen, husmann med jord, feldbereder, 43 år, 2. Guro Olsdr., kona hans, 38 år, 3. Kristiane Nilsdr., dotter deres, 12 år, 4. Ole Nilsen, 8 år, 5. Maria Nilsdr., 1 år.
5. familie: 1. Johannes Olsen, husmann med jord, 36 år, 2. Randi Larsdr., kona hans, 36 år.
6. familie: 1. Ole Pedersen, husmann med jord, 41 år, 2. Berit Olsdr., kona hans, 36 år, 3. Peder Olsen, son deres, 15 år, 4. Martha Olsdr., dotter deres, 11 år, 5. Anne Olsdr., 6 år, 6. Ole Olsen, 3 år.
7. familie: 1. Nils Engebretsen, husmann med jord, 51 år, 2. Kari Nilsdr., kona hans, 40 år, 3. Nils Nilsen, son deres, 12 år, 4. Rønnaug Nilsdr., 8 år, 5. Ingebor Nilsdr., 1 år.
8. familie: 1. Kristen Pedersen, husmann med jord, 44 år, 2. Ingebor Olsdr., kona hans, 34 år, 3. Peder Kristensen, son deres, 9 år.
9. familie: 1. Knut Pedersen, husmann med jord, 37 år, 2. Ingebor Olsdr., kona hans, 40 år, 3. Peder Knutsen, son deres, 8 år, 4. Ole Knutsen, 6 år, 7. Berthe Knutsdr., 3 år.
10. familie: 1. Ole Pedersen, føderådsmann, 85 år, 2. Kari Olsdr., kona hans, 81 år, 3. Anne Lisbeth Fredriksdr., innerst, går i dagleige, 60 år.
11. familie: 1. Haagen Pedersen Ouren, ugift, handelsfullmektig, 30 år, 2. Kari Pedersdr., syster hans, 21 år, 3. Johan Gustav Preutz, farver, 24 år, 4. Jens Pedersen, farverdreng, 18 år.
12. familie: 1. Kristen Arnesen, husmann med jord, 30 år, 2. Mari Pedersdr., kona hans, 28 år, 3. Arne Kristensen, 1 år, 4. Anne Kristensdr., 4 år.
13. familie: 1. Peder Simensen, føderådsmann, 67 år, 2. Marit Arnesdr., kona hans, 51 år, 3. Ole Pedersen, son deres, 12 år, 4. Berthe Pedersdr., dotter deres, 9 år, 5. Anne Pedersdr., mor til husbonden, føderådskone, 82 år.

14. familie: 1. Hans Christensen, skoleholder og husmann, 48 år, 2. Kari Larsdtr., kona hans, 44 år, 3. Christen Hansen, son deres, ugift, 19 år.

Christopher Arnesen Jørstad, som brukte Søgarden til i 1808, var gift med Marte Fliflet, og dei hadde 5 born. Det var: Arne, som var født 1782 og døde 1874, Kristian, Simen, Anne og Berte. Kristian var gift med enka på øvre Dal og overtok denne garden. Han var Fåbergs fyrste ordførar. Simen hadde gardane Balberg og Boro. Anne vart gift til Mælum og Berte til Toft i Follebu. Arne som var eldste son og tok over garden, var gift med Kristine Smestad, nedre.

Arne Chr. Jørstad fekk elles fyrst skjøte frå Simen Pedersen på Jørstadvollen alt i 1806. To år seinare fekk han så skjøte frå faren også på Søgarden for 3300 rd. + føderåd til foreldra. Etter atter to år fekk i 1810 Arne Jørstad også skjøte frå Østen Mælum på Baksætermarka av skyld 6 skinn for 300 rd.

Arne Jørstad som var født i 1782, tente som soldat både i krig og fred i ialt 8 ½ år før han endeleg fekk fribrev i 1821. Same året overdrog Lars Huse etter krav frå Arne Jørstad tienlaget i Attogframveita til Arne og Tomas Jørstad. – I desse år kom i 1819 det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er garden kalla Jørstad Søndre, og det er fortalt at buskapen av store husdyr i Søgarden da var 8 hestar og 40 storfe, og at kornavlinga i vanlege gode år var kring 120 tdr. Det er elles fortalt at garden hadde skog til behov, og at det til Søgarden i den tid låg 9 husmannsplassar.

Dette matrikkelframlegget hadde Arne Jørstad elles sjølv vore med å arbeidt ut som medlem av matrikuleringskommisjonen av 1819 med sorenskrivar Weidemand som formann. Det avsluttande møte i kommisjonen vart og halde i Søgarden 16. juni 1819.

Arne Chr. Jørstad har fått det ettermæle at han var ein dyktig og bra mann, og han vart mye brukt både i det kommunale og det politiske liv. Han var valmann til det overordentlege storting i 1814, det ordentlege storting i 1815 og 1816, i 1818, 1821, 1824, 1827 og 1830, og han deltok sjølv som valt representant til Stortinget frå Kristians amt i perioden 1830-1833. I tida frå 1822 til 1848 var han protokollførande forlikskommisær og skreiv ut fleire protokollar. I det kommunale arbeidde han især for bygging av nye vegar, såleis t.d. den nye vegen frå Fåberg til Gausdal, som vart ferdig i 1868. Arne Chr. Jørstad var ein frisk og sterk kar og vart ein gamal mann. Da han var 90 år, skreiv han i dagboka si den spøkande merknaden at når han da gjekk så lyfta han føtene høgt ”som en Lomværing”. Han døde 17. september 1874, 92 år gamal.

Arne Chr. Jørstad var som før nemnt gift med Kristine Smestad, og dei hadde 9 born. Det var: Hans, som hadde Nordgarden Jørstad og var gift med Ingeborg Rindal. Han var ordførar i Fåberg. Kristian, gifta seg til Rindal. Han innehadde og ordførarembetet. Simen, var sakførar og bodde på Smestad. Ivar, var gift med Tonetta Prestrud. Kristoffer, overtok og brukte søre Jørstad og dreiv garden i tidsromet 1862-1889 saman med broren Andreas Jørstad som var gift med Agnete Hershoug på Ringsaker. Marte gift med Iver Fliflet på Heramb, Ringsaker. Berte, gift med Kristian Dehli, Brøttum. Agnete, var ugift.

Andreas Jørstad og hustru Agnete Hershoug hadde 2 søner, Arne og Simen. Arne overtok søre Jørstad, og Simen kjøpte nordre Jørstad av Thomas Jørstad, som var farbror hans. Arne gifta seg med Agnette Børstad frå Vardal, Simen med Rønnaug Lundgaard, Fåberg.

Ved jordbruksstillinga i 1865 var Søgarden Jørstad ein av dei største gardane i Fåberg. Det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer var da oppgitt til 680 mål, og av dette var 264 mål jord av 1. klasse. Buskapen på sjølve garden var da 8 hestar, 43 storfe og 33 småfe. Dessutan var det på husmannsplassar som hørde garden til 1 hest, 34 storfe og 67 småfe. Same året vart det sådd på sjølve garden: 1 ½ td. rug, 6 tdr. bygg, 12 ½ td. blandkorn og sett 25 tdr. poteter, dessutan vart det på plassar under garden sådd 23 tdr. blandkorn og sett 24 tdr. poteter.

I 1886 kom endeleg den nye matrikkelen som lenge var førebudd. Gardane vart da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Jørstad Søndre fekk da gardsnr. 164, og matrikkelskylda, som før hadde vore 23 skylddalar 4 ort 11 skilling, vart da omrekna og justert til 38,74 mark. Eigarar og brukarar var da brørne Kristoffer og Andreas Jørstad, som hadde Søgarden i saman i tidsromet 1862-1889.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vorte 2 bruksnr. under Jørstad Søndre.

Hovudbruket gr.nr. 162, br.nr. 1 var overtatt av Arne A. Jørstad, og br.nr. 2 Friheim av skyld 0,02 mark var selt til Stranden og Bakkernes Arbeiderforening. Av kommunale manntal frå denne tida går det elles fram at det enda var 7 husmenn ved Søgarden: Andreas Runtom med familie brukte plassen Runtom og budde der, Johannes Kristiansen brukte og budde på Volden, husmannen Arne Jacobsen hadde Jonasstugua, Morten Olsen og Matias Arnesen budde baa på Voldbakken, dessutan er og Adolf Ellingsberg og Kristian Simensen oppført som husmenn. Av handverkarane i grenda var garvar Bernt Nilsen og garversvenn Andreas Lønberg i Brusveen. Baker Severin Nilsen budde på Marienborg. Organist Harald Bræin med familie budde i Bræin, skreddar Ole Haug var og vaktmeister på Friheim og sersjant Ole Svarverud med familie budde i Svarverud.

I 1913 fekk Fåberg kommune skjøte på gr.nr. 62, br.nr. 3 tomt til Jørstadmoen skole, og etter kvart blei i alt 9 husmannsplassar unnaselde og vart sjølvstendige bruk. Det var:

Oppjordsmoen, Runtom, Skolemesterstua, Breina, Breinmoen, Furuset, Voldbakken, Volden og Jehansbakken.

Arne A. Jørstad, som brukte Søgarden i den tid, var som før nemnt gift med Agnete Børstad frå Vardal. Dei hadde 3 born. Det var: Agnes, gift med Ole Aurlien, Fåberg, Kari, gift med August Brateng, Vardal, og Andreas, som overtok garden i 1922 og brukte han til i 1952, da han . . . (**resten av setningen mangler**)

Jørstad er ein gamal gard, og her på Søgarden er mange ting som fortel om dette: Våningshusa vart flytt frå Gammelgarden til Søgarden eingong tidleg på 1700-talet, og her på Gammelgarden er ennå tydelege merke etter hustuffer. På Holodalshaugen er merke etter ei stor dyregrav. Øst for husa er og merke etter ei stor kolmile, som sikkert har vore til eige bruk. Her er koksteinshaugar på to stader og mange forteljande stadnamn som: Reina, Holojordet, Valdres, Grønsøya, Brusvea, Voldsvemælingen o.fl.

Hovudbygningen på garden er bygd i 1788. Det mura fjøset er frå 1867, men ombygd i 1956. Drengestua er frå 1837 og restaurert i 1951, og Føderådsbygningen er frå 1920.

I Storstua er eit forgylt speil. Det skal vera kjøpt på auksjon på Lunde etter sorenskrivar Lyng av mannen på Rustad. Han selde det att til Arne Jørstad for 1 panne, 1 takke og 4 tdr. bygg. Av meir uvanlege ting er elles ein stor suppekjel av koppar, som før gjekk på lån i gjestebod. Her er og ei stor steikepanne med lokk, som var i bruk før dei kjente til steikeomnar. Dessutan og ei vakkert utført sukkerdrøsse av sølv. Av gardsreiskap er oppbevara i eit gammalt hus, treplogar og ei sørdalsk Loms-såmaskin laga av smed Erik Kastrudhagen og Andreas Jørstad i 1860-åra. Her er og ymse slag reiskap brukt under dyrking og tillaging av lin og hamp. Jørstadgardane har frå alders tid hatt fiskerett og drive fising i Lågen og Gausa. Det fiske som har gitt det beste utbytte, er sild- og aurefiske i Lågen. Ved aurefisket blir det brukt drivgarn, og fisketida er frå 16. juli til september. Grunneigaren heldt før reiskap, og fiskaren fekk 1/3 av utbyttet. I seinare år held fiskaren reiskap og betalar årleg avgift. Lågåsildefisket går for seg kring 10. oktober med not, men og med mælkrakk. 1/3 av utbyttet går til grunneigaren. Utbyttet av fisket kan vera svært skiftande frå år til år. Garden har elles fleire gonger lidd tap både på fiskereiskap og grunn når det var storflaum i elvene. Verst var det under Ofsen i 1789, - 12 mælinger slåtteland og ein husmannsplass med jordveg og hus gjekk med.

Andreas A. Jørstad, som tok over Søgarden i 1922 og brukte han til 1952, er gift med Helene Borud. Dei har 5 born, nemleg: Agnete (Vesla), gift med Kristen Bleken, Fåberg, Arne, gift med Solbjørg Hergård, Fevåg, Kristoffer, Sigrun og Astrid.

Ved jordregistreringa i 1939 var det blitt 15 bruksnr. under gardsnr. 164 Søgarden Jørstad. Likevel låg framleis det aller meste av den brukande jorda under desse bruksnr.: Grnr. 164, br.nr. 1 Jørstad søndre med Andreas Jørstad som eigar og brukar, og med eit jordbruksareal av åker og hage, eng og kulturbeite på ca. 390 mål, br.nr. 1 Volden med eit tilsvarende jordbruksareal på ca. 25 mål og med Anton Volden som brukar. Tilsvarende 25 mål jordbruksreal var det og på br.nr. 2 Jehansbakken med Sverre som brukar. På br.nr. 3 Jørstadsveen med eit jordbruksareal på ca. 40 mål var i den tid Sverre Thoresen eigar og brukar, og br.nr. 4 Breinmoen med eit jordbruksareal på ca. 10 mål var det Ole Mathisen som hadde. Simen Holen åtte og brukte Furuseth med eit tilsvarende jordbruksareal på ca. 30 mål, og Annar Aaseth var eigar og brukar av br.nr. 10 Evjen med eit jordbruksareal på ca. 20 mål. På br.nr. 6 Brein med eit tilsvarende areal også på 20 mål var i den tid Amund Rønning eigar og brukar, og br.nr. 15 Voldbakken med eit jordbruksareal på ca. 50 mål var det da Martin Voldbakken som åtte og brukte.

Gardsbruket Oppjordet som lenge låg til Nordgarden Jørstad og seinare til Søgarden, vart i 1954 selt av Andreas Jørstad til son hans Kristoffer. Samtidig fekk han med 200 mål skog av Søgarden. Kristoffer A. Jørstad. f. 1928, hadde elles alt før kjøpt Bjørkestylen seter, og har på denne måten fått seg ein eigen gard i Oppjordet.

Etter opplysningar ved Andreas og Arne søre Jørstad i 1963 var da det dyrka jordbruksreal på garden ca. 280 mål. Det var 50 mål hamn og 32 mål seterlykkje på Dokklien i Gausdal Vestfjell. Etter overdraging av skog til husmennene da dei vart sjølveigarar og til Oppjordet i 1954, er skogbruksarealet nå ca. 1200 mål. Om nyordninga som følgje av mekaniseringa i jordbruket blir det elles gitt desse interessante opplysningane:

I 1900 var husdyrhaldet i Søgarden 6 hestar, 25 mjølkekyr, 15 ungnaut og 25 sauer; i 1960 var buskapen 1 hest, 20 mjølkekyr, 15 ungdyr og 10 sauer. Seterlykkja vart da hamna. – I 1900 var den leigde arbeidshjelpa som regel: sveisar med gut til hjelp, tenestgut + 4 husmenn og som oftast 2 innejenter. I 1960 var den tilsvarende leigde hjelpa: sveisar og tenestkar + 2 karer i onnetida. Det blir samtidig opplyst at frå 1957 er det skurtreskar, to traktorar og bil på garden.

Som svar på eit spørjeskjema blir det vidare opplyst om hushaldet at i 1900 var lageret på bu og stabbur til eige bruk: av matkorn ca. 800 kg, mjøl 200 kg, flesk 400 kg. I 1960 var tala: 300 kg matkorn, 200 kg mjøl og 200 kg flesk. Kosthaldet nå er meir variert enn før. Det blir nå brukt meir omnsbrød og mindre flatbrød, mindre salt kjøtt, men meir fersk som følgje av fryseteknikken, dessutan meir grønsaker og bær. Kring 1900 kunne det dagleg vera 12-15 menneske til bords på Søgarden Jørstad.